


# KYRKJEBLADET FOR VESTNES

NR. 2 - SEPTEMBER 2018

23. ÅRGANG



Sylvia Victoria Copyright

# Skulepensum og historiekritikk

Av sokneprest John Sylte

I påska blei det ein debatt om barne- og ungdomsskulepensum her til lands. Eg var nok litt med på å trigge han med eit lesarinnlegg - så tok det litt av, og fleire aktørar kom på bana. Det enda med at eg og nokre andre engasjerte hjelpte tankesmia *Skaperkraft* å skrive eit høyrings-svar i samband med prosessen som er i gang med fornying av pensumet.

Eg reagerte på korleis kristendommen blir lagt fram, og kva som står i skulebøkene om den underliggende berebjelken i samfunnet vårt gjennom 1000 år. Sjølv er eg lei av falske nyheiter og selektiv (ofte marxistisk) historieformidling. I samfunnsfagboka (Gaia-serien), om kristninga av landet, lærer 11-åringane berre at alle måtte gå til gudsteneste, at ingen fekk ete hestekjøt og at verken bonden eller tenestefolket fekk arbeide på heilagdagar. Om dei gjorde det, fekk dei böter av biskopen. Det er sant nok, men har barna lært noko av det som står i boka? Nei.

Samtidig seier naturfagboka at kristendommen har jaga og drepe vitskapsmenn og kjempa mot vitskapen. Det stemmer ikkje. Kyrkja har aldri jaga og tatt livet av vitskapsfolk på grunn av vitskapen deira. Kyrkja bygde og finansierte dei fyrste universiteta på 1100-tallet og støtta slik framvekst av moderne vitskap. Dermed er det ikkje rart at det aldri har vore nokon krig mellom kyrkja og vitskap. Ein slik konflikt er ein hypotese som er tilbakevist av historikarane for lenge sidan (Draper-White-hypotesen). Men i skulebøkene blir dette framleis lagt fram som fakta.

Eg seier ikkje at kyrkja aldri har gjort noko gale, men eg skjønar godt at folk har fordommar mot kristendommen - om dette er kunnskapsbanken dei sit med. Nokon har kuppa historia, og

på eit eller anna tids-punkt blei det greitt å ikkje seie sanninga. Eit minstekrav burde vere at det som står i skulebøkene, er rett.

Barna våre burde også få lære om til dømes kristenretten som Olav den heilage introduserte ved Moster.

Med den slo krigarkongen - for vi kan ikkje underslå at han også var det - fast at blodhemn skulle ta slutt, barn skulle ikkje settast ut for å døy og fleirkoneri og tvangsekteskap var no forbode. Det blei også lagt føringar som etter kvart avskaffa trælehaldet, og dei fattige og svake skulle takast vare på. 25% av kyrkja si inntekt gjekk til dei fattige, og slik kom det fyrste sikkerheitsnettet i eit tøft samfunn på plass. Munkar og nonner var dei fyrste sjukepleiarane for sjuke og døyande. Dei blei hos pasientane sine, sjølv om dei risikerte døden ved smitte. Dei tenkte stort om det - for dette var deira kors. Å elske sin neste kunne koste dei dyrt. Det var ein pris dei var villige til å betale. Med kristendommen fekk folket kontakt med universiteta i Europa, med skriftkultur og romarrett, der sjølv ikkje kongen var heva over lova. Dette hadde enorme konsekvensar for samfunn og folk. Når ein skal vurdere kristendommen, må ein sjå på haldningane og verdiane han har pløgd inn i folket år etter år. Kva grunntone som vert sett, og som blir spelt i bakgrunnen mens livet levest. Det gjer noko med eit samfunn når manuset ber deg ta vare på dei svake og "ulønsame". Det gjer noko med eit samfunn når det vert slått fast at alle er like mykje verd framfor Gud, og at du skal elske menneska rundt deg, sjølv fiendane dine. Kristne har snubla mykje i å følgje manus, men desse tankane og boda er framleis manus.

## RELIGION OG VITSKAP

Forklaringane til naturfilosofane hadde ikkje plass til gudar. Derfor vart mange av dei som trudde på ein eller fleire gudar, både fornærma og rasande. Gjennom historia har mange vitskapsfolk vorte fengsla eller drepne for meiningane sine. Sjølv i dag

synest nokre menneske at vitskapen spottar guden deira. Dei fleste forstår likevel at religionar ikkje kan gi svar på korleis verda verkar, men også at vitskapsfolk heller ikkje kan forske på gudar.

## Likningar om himmel

(Matt. 13,3-9 og 13,18-23) - Såmannen

Så tala han til dei i mange likningar og sa: «Ein såmann gjekk ut for å så. Og då han sådde, fall noko attmed vegen, og fuglane kom og åt det opp. Noko fall på steingrunn der det var lite jord, og det skaut straks opp fordi jorda var grunn. Men då sola steig, sveid det av og visna, for det hadde ikkje rot. Noko fall mellem klunger, og klungeren voks opp og kvelte det. Men noko fall i god jord og gav grøde: noko hundre gonger det som var sådd, noko seksti, noko tretti gonger. Den som har øyre, høy!»

Så høy no korleis likninga om såmannen skal tydast: Kvar gong nokon hører ordet om riket og ikkje skjørnar det, kjem den vonde og stel bort det som er sådd i hjartet. Dette er det som vart sådd attmed vegen. Det som vart sådd på steingrunn, er den som hører ordet og straks tek imot det med glede. Men han har inga rot og held ut berre ei stund. Når han møter motgang eller forfølging for ordet skuld, fell han straks ifrå. Det som vart sådd mellom klunger, er den som hører ordet, men uro for dette livet og den svikefulle rikdomen kveler ordet, så det ikkje gjev grøde. Men det som vart sådd i den gode jorda, er den som hører ordet og skjørnar det. Han gjev grøde: hundre, seksti, tretti gonger det som er sådd.

**Framisida er  
måla av  
Sylvia Victoria  
Steinagard**



# Skogane, jorda sine grøne lunger (1)

Av Per Audun Högset

## Landskap med gravemaskiner

*De spiser av skogene mine.*

*Seks gravemaskiner kom og spiste av skogene mine.*

*Gud hjelpe mig for en skapning på dem. Hoder  
uten øyne og øynene i baken.*

*De svinger med kjeftene på lange skaft  
og har løvetann i munnvikene.*

*De eter og spytter ut, spytter ut og eter,  
for de har ingen strupe mer, bare en diger  
kjeft og en rumlende mave.  
Er dette et slags helvete?*

*For vadefugler. For de altfor kloke  
pelikaner?*

*De har blinede øynar og lenker om føttene.  
De skal arbeide i århundrer og tygge blåklokken  
om til asfalt. Dekke dem med skyer av fet ekshaust  
og kald sol fra projektører.*

*Uten struper, uten stemmebånd og uten klage.*



«Landskap med gravemaskiner» av Rolf Jakobsen frå dikt-samlinga «Hemmelig liv» som kom ut i 1954, var ei svært tidleg og tydeleg åtvaring. Diktet er meir aktuelt no enn det var i 1954. Kanskje var det ikkje berre gravemaskiner forfattaren hadde i tankane då han skreiv diktet, men oss menneske. Vi «eter og spytter ut, spytter ut og eter». Vi har ikkje magemål når det gjeld å kjøpe og forbruke. Kanskje er det forbrukarmenesket i dei rike landa som ikkje har «strupe mer, bare en diger kjeft og en rumlende mave». I alle fall er det vi som avgjer kva slags verd vi vil gje vidare til komande generasjonar. Førebels er det menneska som kontrollerer maskinene, men har vi «blindede øynar og lenker om føttene», og er vi i ferd med å skape vårt eige «helvete» der dei fleste av oss villig lar oss lede utfor stupet «uten struper, uten stemmebånd og uten klage»?

Kvífor er det så viktig å verne om det som er igjen av natur, og kanskje auke den delen som vi lèt stå urørt av den blågrøne vesle heimen vår i universet? Svaret er såre enkelt: kvar enkelt av oss er avhengig av til dømes rein luft, reint vatn, mat og medisinar som vi får frå naturen. Vi er i ferd med å øydeleggje planeten for all framtid. Vi kan ikkje, for å omskrive Jesu ord på korset, hevde vår uskuld og rope ut «Tilgjev oss, Herre», for vi i den rike del av verda veit så inderleg vel kva vi gjer!

**GLED DEG OVER SKJØNNHETEN**  
**Skaperverket eier sin egen rikdom.**

**Ingen ting er bare råvarer.  
Jordens gaver skal forvaltes med  
hengivenhet og takk.**

(Frå «Hustavle», Kyrkjebladet nr. 3, desember 2017)

## Ettermiddagskafé på

### Kyrkjestova i Tresfjord

følgjande tysdagar frå kl.16.30 – 18.30  
11. sept., 9. okt., 30. okt., 20. nov. og 11. des

**Inga påmelding, her er det berre å møte opp!**

**Treng du skyss til ettermiddagskafé?**

Ring då til Silje Sylte på telefonnr.: 950 93 306.

**Ta kontakt i god tid, så det kan  
samkjørast på best muleg måte.**

**Omsorgstilbodet er eit samarbeid mellom Tresfjord  
Røde Kors og Tresfjord Sokneråd.**

# Konfirmantar i Vestnes våren 2018



Fiksdalkonfirmantar  
Foto: Edmund Melkild



Vestneskonfirmantar  
Foto: Kari Utgård



Tomrefjordkonfirmantar  
Foto: Kari Utgård



Tresfjord- og Vikekonfirmantar  
Foto: Edmund Melkild

## Laurdagskafé i kyrkjekjellaren på Vike



Utover hausten har vi kafé desse laurdagane mellom kl. 13 og kl. 16: 22. september, 20. oktober, 24. november. Uformelle samlingar med hyggelege prisar! Velkommen innom til ein god prat over ein kopp kaffi!  
Vike sokneråd

## Kyrkjebasar og balldag



torsdag 25. oktober kl. 16 på Vestheim

Loddsal, mange fine gevinstar.

Sal av potetball med godt tilbehøyr  
og kaffi og kaker.

VELKOMMEN TIL EI HYGGELEG STUND  
PÅ VESTHEIM

# Kyrkja på tur

Av Ingvild Venås Sánchez

Kvart år i juni bruker vi å ha tur for 4.klassingane i Vestnes og Tomrefjord. Vêret har vore strålende heilt fram til vi skulle ha desse arrangementa 14. og 15. juni. Då snudde det, og i staden for å ha opplegget ute var vi difor inne mesteparten av tida. I Vestnes var det ein kort tur frå kyrkjekontoret bort til kyrkja, og i Tomrefjorden gjekk vi frå skulen og bort til Tomrefjord kristne forsamlingshus.

I Vestnes var elleve fjerdeklassingar samla. Vi hadde forskjellige leikar før vi åt pizza og trusopplærar heldt ei andakt om skapininga, med ein spanande dialog med barna etterpå. Deretter gjekk vi bort til kyrkja i lett regnvêr der vi hadde avslutning med bøn.

I Tomrefjord var det tre som var med på arrangementet på Tomrefjord kristne forsamlingshus. Dei som kom, fekk vere med på leik og spel, før vi hadde matservering med pizza. Etterpå var det andakt om skapininga og avslutning med bøn. På begge arrangementa hadde vi god hjelp av frivillige, og det var god stemning blant ungane begge stader!



## Slekters gang

### Vestnes kyrkje

#### Døypte:

- 25.03 Norvella-Christin  
Dyrkorn Egge  
(døypt på Myra kulturhus)  
01.04 Iben Utgård Vik  
01.04 Oskar Lars Skystedt  
22.04 Olida Valldal Berget  
22.04 Sebastian David Hjelvik  
22.04 Sofie Nordeide  
22.04 Birk Kildal Skålvik  
13.05 Frøya Jنسen-Langstein  
13.05 Vilma-Emilie Jensen Vad  
20.05 Viljar Aunevik  
20.05 Martinus Flølo  
31.05 Suzane Ceran Misund  
01.06 Rebecca M. Melby Sele  
24.06 Noah Sellereite Pedersen  
(døypt Tomrefjord kristne forsamlingshus)  
08.07 Felicia Anne Valentina  
Smith Fagerstad  
08.07 Jennie Lie Stuen  
19.08 Mathilde Leah Vereide  
19.08 Troy Knutsen Edvardsen

#### Vigde:

- 16.06 Camilla Repvik Brennvik og  
David Westnes Brennvik

#### Døde:

- 10.03 Randi Olsen  
15.03 Hjordis Henriksen

- 16.03 Leif Skavnes  
17.03 Liv Berit Overå  
07.04 Karl Albert (Kalle) Nilsen  
10.04 Karsten Jon Roald  
19.05 Nora Bjørg Lid  
25.05 Beate Bjørklund Frostad  
28.05 Arild Johan Strømsheim  
(gravl. Borgund)  
07.06 Ragnhild Vestnes  
13.06 Gjertrud Liv Birkeland  
02.07 Jann Hermann Jæger  
Hansen  
03.07 Reidun Uren  
05.07 Erna Furland  
05.07 Malvin Frostad  
08.07 Judit Sivertsen  
11.07 Per Reidar Flate  
31.07 Poul Erik Pedersen  
12.08 Ivar Terje Vik

### Tresfjord kyrkje

#### Døypte:

- 02.04 Teodor Martinus Løvik  
17.05 Elvira Brudeseth Sivertsen  
03.06 Elise Beinset  
16.06 Vilja Kormeset Skorgen  
08.07 Noah Bjermeland  
(døypt på Stall Kjersem)

#### Vigde:

- 26.05 Silje-Mari Lindset og  
Lasse Brenna Øvstedral

- 16.06 Irene Kormeset og  
Robert Inge Mork Skorgen  
23.06 Lone Øverås Domaas  
og Peter Longva

#### Døde:

- 10.04 Oddvar Helgetun  
14.04 Karl Lindset  
08.07 Harald Skjegstad  
13.07 Kirsten Oddrunn Villa  
30.07 Johan Kjersem

### Vike kyrkje

#### Døypte:

- 18.03 Emrik Herje Hansen  
15.04 Sølve Augus Kildal Uri  
(døypt i Skodje kyrkje)  
01.07 Gabriella Bjørnøy Sjåholm

#### Døde:

- 15.07 Malli Helene Frisvoll

### Fiksdal kyrkje

#### Døypte:

- 01.04 Per Viljar Paus  
25.05 Ine Aurora Rogne  
25.05 Ada Sofie Rogne

#### Døde:

- 21.03 Bjørg Fiksdal  
22.06 Elbjørg Rekdal  
19.07 Ludolf Johan Fiksdal

# Korleis går det med Kyrkjebladet?

Som de ser, er Kyrkjebladet denne gongen slankare enn vanleg. Det er ikkje fordi vi manglar stoff, men fordi vi har så lite pengar!

Ved å gje ut eit tynnare blad sparar vi litt trykkeutgifter og litt porto, men utgiftene minkar ikkje i same forhold som sidetalet.

Økonomien til Kyrkjebladet er basert på gáveinntekter, eller frivillig abonnement, om du vil. Inntektene har ikkje auka i takt med utgiftene til trykking og porto. Sjølv om vi gjev ut berre tre nummer i året, ser vi at det ikkje går å halde fram på same måten utan auka inntekter.

Vi har mange trufaste «abonentar», - stor takk til dykk!  
- men vi treng endå fleire med på dette spleiselaget.

Neste utgåve er julenummeret. Vi vonar at vi har pengar til å få det ut, gjerne litt fyldigare enn dette bladet.

Bankkontonummeret til Kyrkjebladet er 4056.20.62124.  
VIPPS nr. 511986.




Foto: Audbjørg Gjerde Lippert.

## VESTNES KYRKJEKONTOR

Ope måndag - torsdag kl. 08.30-15.00  
Telefaks: 71184231

**John Sylte**, sokneprest  
Telefon 71184234/ 91865064  
E-post: john.sylte@vestnes.kommune.no

**Anders Barstad**, sokneprest  
Telefon 71184237/ 90131238  
E-post: anders.barstad@vestnes.kommune.no

**Reidun Blø**, kontorsekretær: Telefon: 71184232  
E-post: reidun.blo@vestnes.kommune.no

**Olav Egil Tomren**, kyrkjeverje  
Telefon: 71184235/ 91629416  
E-post: olav.tomren@vestnes.kommune.no

**Ellen Edvardsen**, diakon  
Telefon: 71184236/ 97499175  
E-post: ellen.edvardsen@vestnes.kommune.no

**Ingvild Venås Sánchez**, trusopplærar  
Telefon: 71184238/ 41472908  
E-post: ingvild.venaas@vestnes.kommune.no

**Sissel Schiøtt**, kantor: Telefon: 71184230/ 95270346  
E-post: sissel.schiott@vestnes.kommune.no

**Geir Falch**, kyrkjetenar: Telefon: 90217404

**Nina Kvernmo**, konfirmantlærar  
Telefon: 95231698 , E-post: nkvernmo@online.no

**Heimeside til kyrkjene i Vestnes:**  
[www.vestnes.kyrkja.no](http://www.vestnes.kyrkja.no)

## Kan du tenke deg å stelle graver på kyrkjegardane i Vestnes?

Vestnes kyrkjelege fellesråd har etter kvart ganske mange graver som vi steller for folk, og vi har nokre personar som gjer dette mot godtgjersle.

Etter kvart har vi så mange graver som skal stellast, at vi treng ein eller to personar til som kan tenke seg å ta på seg slike oppdrag. Det er først og fremst på Vestnes kyrkjegard vi har behov. Den som eventuelt tar på seg dette, bør kunne binde seg for nokre år framover. Vi har gode rutinar på å ta hand om gravlegat/stell av graver.

*Dersom dette kunne vere av interesse for deg,  
ta kontakt for meir informasjon med Kyrkje-  
kontoret v/Reidun Blø, 71184232 eller på  
e-post: reidun.blo@vestnes.kommune.no.*



Audbjørg Gjerde Lippert

# Kyrkjeverja sitt hjørne

Av Olav Egil Tomren, kyrkjeverje

Då er hausten komen, og aktivitetane i kyrkja og arbeidsmengda for dei stabstilsette tek seg opp etter ein rolegare periode i sommar.

Veidekke Entreprenør fekk arbeidet med utvidinga av kyrkjegarden på Vestnes. Dei har halde på i heile sommar og skal vere ferdig innan 1. oktober etter kontrakten. Då vil det stå ferdig ein gravplass på ca. 6,2 dekar nordvest for eksisterande Vestnes kyrkjegard, og arealet vil gje omtrent 550 nye kistegraver. Behovet for graver vil då vere dekt for lang tid framover.

Vi har hatt mange fine konsertar dette året. Dei fleste har vore i Vestnes kyrkje, og sist ut var det Musikkens Venner som hadde sommarkonsert med mange kjente og dyktige artistar. Tidlegare på våren hadde vi blant anna ein flott konsert i Fiks-

dal kyrkje med Didrik Solli-Tangen. Felles for alle konsertane er at det har vore til dels fullsette kyrkjer. Vi hører fleire av aktørane seie at kyrkjelokalet er av dei beste romma å halde konsertar i.

Øyvind Gundersen slutta som vikarprest i Tresfjord og Vike i sommar. Då gjekk vikariatet hans ut. Øyvind skal begynne som kapellan i Alta. Vi takkar han for det flotte arbeidet han har lagt ned i Vestnes og ønskjer han lykke til og Guds signing i arbeidet i Alta.

Anders Barstad er tilsett som ny sokneprest i Tresfjord og Vike. Han er 51 år og busatt i Spjelkavik. Anders tok til i stillinga i begynnelsen av august og vi ønskjer han hjartelig velkommen til Vestnes.

## Skaperverkets dag på Stall Kjersem

Av Inger Marie J. Sylte

Over 70 stk. møtte opp for å delta på gudsteneste ved Stall Kjersem denne søndagen i juli. Bjørn Kjersem og Helene Pedersen hadde tent lys på bord og i vindauge og stilte sjølve som vertskap. Det er alltid hyggeleg å ha gudsteneste på Stall Kjersem. Lokalet der er godt eigna, og det blir ei eiga stemning ved å sitje rundt dei flotte treborda. Ekstra stas var det at Noah Bjermeland vart døypt. Døypefonten frå Tresfjord kyrkje var frakta opp til dette føremålet. Organist Jostein Maude spelte på det gamle trøsorgelet for å sette tonar til salmane. Sokneprest John Sylte hadde om Sakkeus i si preiktekst. Han trong å sjå Jesus med eigne auge, og måtte klatre opp i eit tre for å få betre sikt sidan han sjølv var liten av vekst. I teksten forut for Sakkeus, står det om ein blind mann som fekk synet att, og på den måten fekk sjå Jesus. Dette fekk innverknad på begge desse personane. Oppfordringa til oss menneske er å leite etter mulegheiter til å sjå Jesus og la han inspirere oss til eit rikt liv der vi lever det.

Når det er gudsteneste på Stall Kjersem, er det alltid kyrkjekaffi. Tresfjord sokneråd hadde trakta mange kanner med kaffi, og på bordet stod det store fat med kringler. Fleire satt att for å samtale saman rundt bordet.

Neste sjanse til gudsteneste ved Stall Kjersem er juli neste som-



mar. Kom gjerne då for å oppleve den gode stemninga. Ein stor takk rettest til vertskapet for at dei kvart år legg til rette for dette arrangementet.

**Her er velsigninga som blei bruk denne dagen (frå Afrika):**  
*Herren velsigne deg  
og gi deg velsigningar frå villmarka igjen og igjen:  
Stille og ro, friskt vatn, vide horisontar, open himmel  
og stjerner som lyser på vegen din i nattemørket.*

*Må jorda under deg få føtene til å danse,  
Gjere armane sterke, fylle øyra med musikk og  
nasen med sote dufter.*

*Må himmelen over deg fylle sjela med godhug,  
Gi auga lys, så glede i hjartet og leggje ein song i din munn.*



# Gudstenester i Vestnes

(med etterhald om evt. endringar)

**02. sept. 15. s. i treeiningstida**

*Vike kyrkje kl. 11.00*

Gudsteneste med konfirmantpresentasjon.

Takkoffer til KRIK Vestnes.

*Vestnes kyrkje kl. 18.00*

Gudsteneste med konfirmantpresentasjon.

Takkoffer til konfirmantarbeidet.

**09. sept. 16. s. i treeiningstida**

*Fiksdal kyrkje kl. 11.00*

Haustabfest. Utdeling av 4-årsbok.

Takkoffer til IKO kirkelig ped. senter.

**17. sept. 17. s. i treeiningstida**

*Vestnes kyrkje kl. 11.00*

Haustabfest. Hagelaget pyntar.

Utd. av 4-årsbok.

Takkoffer til IKO kirkelig ped. senter.

**23. sept. 18. s. i treeiningstida**

*Tresfjord kyrkje kl. 11.00*

Haustabfest. Utd. av 4-årsbok.

Takkoffer til Topp Safari.

*Tomrefjord kristne*

*forsamlingshus kl. 18.00*

Familiegudsteneste. Lys Våken.

Utd. til 5. klasse Tomrefjord. Takkoffer til

Kyrkjelydens barne- og ungdomsarbeid.

**30. sept. 19. s. i treeiningstida**

*Vike kyrkje kl. 11.00*

Haustabfest. Utd. av 4-årsbok.

Takkoffer til Topp Safari.

**07. okt. 20. s. i treeiningstida**

*Vestnes kyrkje kl. 11.00*

Familiegudsteneste. Lys Våken.

Utd. til 5. klasse Vestnes. Takkoffer til

Søndagsskulen i Romsdal krets.

**14. okt. 21. s. i treeiningstida**

*Tresfjord kyrkje kl. 11.00*

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til Misjonsprosjektet i Mali.

**21. okt. 22. s. i treeiningstida**

*Fiksdal kyrkje kl. 11.00*

Misjonsgudsteneste for alle 4 sokna.

Nattverd. Takkoffer til Misjonsprosjektet.

**28. okt. Bots- og bededag**

*Vestnes kyrkje kl. 11.00*

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til Kirkelig Ressurssenter mot vold og seksuelle overgrep.

**04. nov. Alle helgensdag**

*Fiksdal kyrkje kl. 11.00*

Helgemesse.

Takkoffer til Kirkens SOS.

*Vike kyrkje kl. 11.00*

Helgemesse.

Takkoffer til Diakoniarbeidet i soknet.

*Tresfjord kyrkje kl. 18.00*

Minnegudsteneste.

Takkoffer til Bibelselskapet.

*Vestnes kyrkje kl. 18.00*

Minnegudsteneste.

Takkoffer til Diakoniarbeidet i soknet.

**11. nov. 25. s. i treeiningstida**

*Vestnes kyrkje kl. 11.00*

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til SMM Møre.

**18. nov. 26. s. i treeiningstida**

*Tresfjord kyrkje kl. 11.00*

Familiegudsteneste. LysVåken i lag med Vike sokn. Utd. til 5. klasse.

Takkoffer til Trusopplæring i soknet.

**25. nov. Kristi Kongedag**

*Tomrefjord kristne*

*forsamlingshus kl 11.00*

Tomasmesse. Nattverd.

Takkoffer til Diakoniarbeidet i soknet.

*Vike kyrkje kl. 18.00*

Lysmesse. Konfirmantane deltek.

Takkoffer til Misjonsprosjektet.

**01. des. Laurdag**

*Fiksdal kyrkje kl. 18.00*

Adventssong. Konfirmantane deltek.

Lys Våken. Utd. til 5. klasse.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

**02. des. 1. s. i advent**

*Myra kulturhus kl. 11.00*

Storfamiliegudsteneste. Sittedsans deltek.

Takkoffer til Wycliffe.

## KYRKJEBLADET FOR VESTNES

Redaksjonskomité: Kari Moe Elgsaas, Asbjørn Gisnås, Audbjørg Gjerde Lippert, Kari Nakken og Reidun Blø

Adresse: Kyrkjekontoret, 6390 Vestnes

\*

*Vi oppfordrar dei som måtte ha forslag til stoff eller noko dei vil ha med i Kyrkjebladet, til å ta kontakt med redaksjonen.*

Vi er avhengige av gaver til drift og distribusjon av Kyrkjebladet.

Kontonummer: 4056.20.62124

**Kyrkjebladet har fått Vipps.  
Vippsnummeret er: 511986**

**Det er muleg å bestille bladet  
for dei som bur utanfor kommunen.**

## Gudstenestevandring i Vike

**Søndag 7. juni var det igjen gudstenestevandring til Korsstøneset på Vikebukta. 35 personar var med på gudstenestefeiing med fokus på skaparverket.**

Foto: Inger Marie Jacobsen Sylte

